

Referat frå styremøte 2020/2 i Norsk folkemusikklag

Skypemøte tysdag 18. februar kl. 13.00–15.00.

Til stades:

Bjørn Aksdal, Anne Svånaug Blengsdalen, Per Åsmund Omholt, Andrea Kasbo Rygh og Sveinung Søyland Moen (referent)

Sak 11/20 Korte meldingar

- Kontakt med Valdresmusea
 - o Bjørn har vore i kontakt med Ole Aastad Bråten som gjerne kjem til Oslo for å ta eit møte med styret om mogleg institusjonstilknytning for laget. Det bør skje i god tid før søknadsfristen til Kulturrådet som i 2020 er 2. september.
- Svar frå Kulturrådet
 - o Bjørn orienterte om svaret frå Kulturrådet som viste at mangel på auke i driftsstøtte skuldast at Kulturrådet ikkje har fått utvida rammer for tildelinga.
- Moglege løysingar for e-faktura, jf. Sak 10/20
 - o Saka vert utsett til neste møte.

Sak 12/20 Økonomien til skriftet

- Status for støttemedlemskap, jf. Sak 3/20
 - o Saka vart utsett til neste møte.
- Strategi fram mot neste Unit-vurdering
 - o Sveinung la fram saka. Laget bør først ta eit møte med Novus forlag i løpet av våren for å avklara vegen vidare. Laget har førebels ikkje fått informasjon om ny søknadsfrist. Viktigaste punkt i strategien vil likevel vera å få ut eit nytt nummer av høg kvalitet i løpet av 2020.

Sak 13/20 Institusjonell forankring av laget

- Per Åsmund la fram saka. Den beste løysinga vil truleg vera eit samarbeid med ein institusjon der laget framleis har ei hand på rattet, men der redaktørarbeidet til dømes kan gå inn i ei stilling ved institusjonen. Ytterpunkta vert at skriftet ikkje vert knytt til ein institusjon eller at ein institusjon heilt overtar skriftet, men særleg det siste vil vera ei uheldig løysing for laget.
- Styret diskuterte ulike løysingar. Per Åsmund vil arbeida vidare med saka og setja opp eit konkret forslag til neste styremøte. Styret bør ha nokre klare alternativ til komande møte med Stian Roland (Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk, Universitetet i Sørøst-Noreg) i mars om mogleg institusjonstilknytning.

Sak 14/20 Musikk og tradisjon

- Arbeidet med nytt redaksjonsråd, jf. styrenotat
 - o Saka vart utsett til neste møte.
- Status for bidrag til neste skrift
 - o Det ser førebels ut til å koma inn fem artiklar, der den første alt har kome. Styret diskuterte moglege fagfeller til denne artikkelen. Det har tidlegare kome inn ei bok aktuell for bokmelding. Sveinung følgjer opp fram mot årsmøtet.
- Ansvaret for korrekturlesing, jf. e-post frå Novus

- Sveinung informerte styret om e-post frå Novus med krav om ferdig korrekturlese skrift før innsendt manus. Det er per i dag noko uklart kor ansvaret for korrekturlesing ligg, då avtalen med Novus ikkje er tydeleg på dette punktet. Styret er samde om å ta eit møte med Novus for å avklara saka og vurdera ulike løysingar. Det vil vera krevjande om styret må ta ansvaret for å korrekturlesa manuset, då det på det meste kan innehalda tekstar på nynorsk, bokmål, engelsk, svensk og dansk.

Sak 15/20 Seminaret 2020

- Gjennomgang av programmet for seminaret
 - Per Åsmund orienterte om nye postar på programmet som no stort sett er klart.
- Fordeling av arbeidsoppgåver
 - Per Åsmund leier seminaret og ber resten av styret om hjelp ved behov.
- Ungt forskarforum for folkemusikk og folkedans (UFFD):
 - Andrea informerte om programmet til UFFD på onsdagen. Sveinung vil vera til stades og informera om NFL og skriftet, føreset at han får fri frå jobb.
 - Forumet er ope for alle "unge forskarspirer", så styret vert oppmoda om å invitera alle dei kjenner som kan vera interesserte.

Sak 16/20 Årsmøtesaker

- Gjennomgang av saklista
 - Saklista må sendast ut seinast 27. februar. Dersom nokre vedlegg ikkje er klare, kan dei ettersendast. Bjørn fullfører saklista og Andrea sender ho ut til medlemmane når lista er klar.
- Rekneskap for 2019
 - Anne la fram førebels rekneskap for styret. Rekneskapen for Musikk og tradisjon 2019 er ikkje klar, men vil koma frå Novus i god tid før årsmøtet. Styret vil få tilsendt endeleg rekneskap for laget til gjennomlesing når han er klar.
- Årsmelding for 2019–2020
 - Årsmeldinga er stort sett på plass. Anne og Bjørn fullfører tekstar om rekneskapen og økonomien til laget så snart rekneskapen er klar.
- Budsjett for 2020
 - Bjørn hadde laga utkast til budsjett og presenterte det for styret som ikkje hadde merknadar til dette. Budsjettet vil først fullførast når rekneskapen for 2019 er klar.
- Arbeidsplan for 2020–2021
 - Arbeidsplanen manglar no berre delen om økonomien til laget som Anne skriv når rekneskapen er klar.
- Årskontingent
 - Kontingenten har vore den same i svært mange år. Trong økonomi i laget gjer at styret vil leggja fram forslag for årsmøtet om å auka alle kontingentsatsane med kr. 50 frå 2021.
- Fordeling av oppgåver under årsmøtet
 - Vart utsett til neste møte.

Sak 17/20 Arbeidet med nye nettsider

- Saka vart utsett til neste møte.

Sak 18/20 Godkjenning av styrereferat

- Styret diskuterte nye reglar for godkjenning og føring av referat. Referatet bør framover vera vedtaksbasert og førast på ein slik måte at det kan leggjast rett ut på nettsidene etter godkjenning. Når referenten har sendt ut utkast til referat, får styret frist på ei veke til å kommentera referatet. Har det ikkje kome endringsforslag innan veka er over, er referatet å rekna som godkjend.

Sak 19/20 Tidspunkt for neste styremøte

- Neste styremøte vert onsdag 18. mars kl. 16.00 på USN Rauland.